Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: bryne

Oppskr. av: Jon Haukanes, 78 år.

(adresse): Folkedal

Fylke: Hordaland

Herad: Granvin

Bygdelag: ——

Gard: Haukanes

G.nr. 124 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Bryne (eit) er det vanlege namnet. Eg hev høyrt gamle folk segja kvatstein (ein). Truleg mest i bruk under bruken av tynnsleljao. Han kan ikkje kvatå.

Hein er eit finare slag bryne og bruktest til finare kvesse, som barberkniv, hövel tonn og kniv.

Å bryna med hein eller: bryna med bryne.

Ein hein. Eit bryne. Å heina, å bryna.

No brukar ein mest støypte bryne; fyrr var det brynestein, frå Arekol i Kinsarvik eller frå Telemork. Fyrr selde handelskarar bryne til den einskilde eller og til handelsmenn i bygdi; det siste er no tilfelle.

Alle bitjarn vert slipte på rund slipestein, etterpå med bryne for å jamna rovet i eggi. Under bruket vert bitjarnet litt skjemt av sand og stein. Då bryner dei for å få det kvast. Barberknivar vert uppsett (skarp) med smergelskiva, av same som ein slipestein. Alle bitjarn som ljår og öksar vart bynna fram med hammar på ein ste, etter at dei hadde vore i avlen (tynnsleljao). Etter ca 1840-50 var det slutt med tynnsleljao; slipestein kom i bruk. På kvar gard og bruk var ei smidja, og alle gardmenn smidde til eige bruk - på same ste (ambolt).

158

Eg kan minnast at far min hadde ein stor brynestein som låg på marki, og som dei bryna øksane på ved å føra dei fram og tilbake. Brynesteinen her er tale um vart slegen sund av ein stein under mururarbeid i 1882. Namnet denne høyrde eg ikkje fyrr eg var på sløydlærarskulen 1890. Gamle snikkarar såg eg hadde stor brynestein til å kvessa høveltonni med. Slipesteinen stod alltid heima ved huset, og um sumaren sette dei steinen upp ved elvi eller bekken og slipte sine ljåar med vasskraft.

Ein hadde gjerne 30-40 ljåar av kvart slag - stuttorv og langorvs ljåar. Ein slipte upp mange med eingong, so ein hadde kvasse ljåar i fleire dagar, i alle fall for ein dag. Vanleg brukar ein 2 slipte ljåar millom kvar øykt. Eg hadde eingong ein stor langorv som var kvass i 2 øykter.

Brynestikka hev eg ikkje set her, men i Telemark var den i bruk såg eg i 1891-95 - i Seljord og Fyresdal.

Fyrr var ljåen festa med vidja; no er det helst med lerreim eller ein jarnring. No løyser ein ljåen av orvet og held den på slipesteinen med eggi mot seg, som regel.

Ein bryner ljåen når den er sett i orvet, likt for både lang- og stuttorv.

Dei fleste brukar ein dolt med litt vatn i til brynet; men fleire bryner med turt bryne og stikk det i bakloumma. Dolten er no av blekk, fyrr var den av tre. Hev ikkje set dolt av horn. D. henger stundom bak eller på sida av mannen. Dei som hev dolt, hev altso vått bryne. Dette er korkje olja eller tjøra eller strøytt med sand.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
158
ekspedert 10/2 1947